

Referat frå styremøte 24.01.19

Til stades: Unni, Anne Karin, Roy Åge, Knut, Morten, Anne Margrethe, Frank og Elin

Kunstgrasbane: Vi har fått 450 000 av Sparebsnkstiftelsen til bygging av ny kunstgrasbane. I tillegg har vi søkt om spillemidlar. Kommunen har tatt på seg å stå som eigar og drivar av banen. Dei får full momskompensasjon. Treungen idrettslag har satt 120 000 på ein sperre konto til kunstgrasbanen.

Styret i Treungen IL vedtek einstemmig å bygge kunstgrasbane. Vi håpar på å kome i gang med arbeidet tidleg i vår. Det er kommunen som skal leie bygginga. Frank og Elin blir med i ei planleggingsgruppe frå idrettslaget.

Ny skuter: Den gamle Ockelbo snoskutereren frå 1986 er ikkje alltid lett å få start på. Vi vedtek einst å kjøpe ein ny. Roy Åge får fullmakt til å kjøpe ein skuter til maks 70 000 kr. Anne Karin lager ein spleis på fb. Vi vil også sjekke ut andre stader å søke om støtte. F.eks sparebanken sør. Fran søker om sporleggar og snofres (til skøytebanen) fra DnB sparebankstiftelsen.

Kurs fotballtrenarane: Fotballtrenarane ynskjer å ta eit grasrottrenarkurs. Det kostar 500 kr per trenar. Vi vedtek å støtte dette.

Skidressar: Vi treng nokre nye skidressar. Aktive barn, som går på treningar og renn, får dressen sponsa. Resten må betale full pris.

Nissedalsdagen: Det er ingen i arrangørgruppa frå i fjor som ynskjer å bli med i år. Morten skal høyre om Marianne eller Linda kan bistå med å etablere ein komite. Anne fortel at The Espelids skal ha ein sommarkonsert bak Turine 29.juni. Det kan vere aktuelt å arrangere Nissedalsdagen i samband med denne konserten.

Årsmøte: Vi set årsmøte til 13.mars kl 19. Vi vil ha eit kort styremøte i forkant kl. 18.30. Vi vil spørre om å ha årsmøtet på Bakeriet i Treungen. Unni treng budsjett frå fotball, ski og alpingruppa. Ho sender brev ut til gruppeleiarane og ber om rapport til årsmeldinga.

Klatregruppa: Klatregruppa vil bli konstituert på årsmøtet. Marie, Knut og Anne blir med i gruppa. Klatrefestivalen vil bli arrangert i samarbeid med Fri flyt. Marie og Knut har ansvar for den frå TIL. Dei skal på eit møte med Fri flyt i Oslo. TIL dekkjer utgifter til tog og eit måltid.

Treungenfestival: Jørgen Solberg og ordførar Halvor Homme har bedt om å få bli med på eit møte i TIL for å diskutere eit eventuelt samarbeid rundt festivalen. Det er brei enighet i styret om at vi ikkje ynskjer festivalcamping på idrettsbanen. Vi har tidlegare sagt at vi tillet gjennomkøyring til festivalcamping via idrettsbanen, men at vi ellers ikkje ynskjer camping eller parkering på vårt område. Det er kommunen som eig området. Vi ynskjer at dialogen med Treungenfestivalen går via Nissedal kommune. Anne Margrethe melder dette vidare til Halvor og Jørgen.

Ref. Elin